

Referat – Referansegruppe TFY4104 Fysikk

Møte 1 av 2 – 16.10.2025

Neste møte: 13.11.2025 kl. 10:05 – Rom: (ikkje avklart)

Oppmøte: 4 av 5

1. Generelt

- **Nettside:** Den «90-tals»-inspirerte løysinga fungerer svært godt og får mykje positiv tilbakemelding. Det enkle er ofte det beste :)

2. Undervisning (førelesingar og øvingstimar)

Spørsmål: *Når er ein ferdig med pensum?*

- Planen er å vere ferdig i **veke 46**, med **oppsummering i veke 47**.

Spørsmål: *Blir det ekstra øvingstimar (á la mattelab) frå slutten av oktober og ut november?*

- Har vore prøvd tidlegare, men lågt oppmøte gjer at det er uvisst om ein gjer det i år.
- Dersom det blir sett opp, må ein ta omsyn til tida for ulike studieprogram og førelesar/stud.ass.
 - Ikkje måndag eller onsdag.
 - Kanskje fredag kan passe?

Ros og forbetningspunkt:

- **Ros:**
 - Svært gode førelesingsnotat; blir aktivt brukte i læringa og under førelesing.
 - Førelesingane er tydelege, godt strukturerte og med relevante, praktiske døme.
 - Øving/interaktive timar opplevast som nyttige.
- **Forbetningspunkt:**
 - Nokre opplever at øvingstimane går litt fort. Grunngevinga er at tempoet skal spegle effektiviteten som trengst på eksamen.

3. Laboratoriearbeid

- **Overordna inntrykk:** Blanda respons – både positiv og negativ.
- **Positivt:**

- Klart relevant for pensum; hjelper å knyte teori til praksis.
- Ein får ei god innføring i ny programvare, og i korleis ein går fram for å lære henne. Dette er nyttig, fordi seinare emne ofte krev at ein lærer fleire program på kort tid.
- Ikkje for mykje arbeid ettersom at ein berre fyller ut ein nesten ferdig Notebook.
- Negativt:
 - Tilbakemelding på at stud.ass/er ikkje alltid har eit klart svar på spørsmål og/eller at dei ikkje har satta seg heilt inn i oppgava?

4. Eksamen

- **Format og hjelpemiddel:**
 - Ingen planlagde endringar i eksamensopplegg eller formelhefte. Eventuelle oppdateringar blir annonserte.
 - Det er lov å ta med utskriven versjon av formelheftet på eksamen (sterkt tilrådd).
- **Forbetring av karakter:**
 - TFY4125 kan takast på vårsemesteret uavhengig av korleis det gjekk i TFY4104 i haust. Emna har same pensum og kan brukast som karakter for TFY4104
 - Emna har felles kontekstamen til sommaren.

5. Vedtak/konklusjonar (kort)

- Pensum ferdig veke 46; oppsummering veke 47.
- Ekstra øvingstimar usikre
- Eksamen og formelhefte uendra; utskrift er lov.
- Moglegheit for karakterforbetring via TFY4125 neste semester eller med felles kontekstamen på sommartid.